

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 01.12.04 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Marion Langhelle Pedersen

I staden møtte:

ingen

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar møtte under skriv og meldingar.

Adminsitrasjonssjef.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. desember 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit etterlyste framdrift på kommuneplan.

Adm.sjefen la fram eit framlegg til framdriftsplan som inneber at administrasjonen innarbeider dei endringane naturutvalet har bestemt. Dette arbeidet er planlagt gjort i desember.

Naturutvalet må i løpet av januar ha eit møte der endringsframlegget vert vedteke lagt ut til off. ettersyn. Før dette møtet vert det halde møte med fylkesmannen/fylkeskommunen. På dette møtet deltek leiar og nestleiar i naturutvalet saman med personar frå administrasjonen.

Olaug Øystese viste til kopi av skriv om leikeplass på Bjørkheim.

Adm.sjef viste til at innspellet ville verta tekne med i vurderingane av reguleringsplan for Bjørkheim. Vidare vart det orientert om standpunktet i utval for oppvekst og omsorg der dei har avvist at kommunen skal ta ansvar for etablering og drift av leikeplass.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Kommunen har fått fylkesplan til uttale. Det er sett ned ei arbeidsgruppa til å førebu denne saka der det er tenkt å ha ein representant frå kvart av hovudutvala. Arbeidet vert å utarbeida eit framlegg til uttale frå kommunen. Personal- og økonomiutvalet har peika ut Brigte Olav Gåsdal, oppvekst og omsorg Geir Markhus. Naturutvalet peika ut Sture Tveit som deira representant.
- Jan Bjarne Sverresvold er tilsett som leiar av teknisk eining. Han har teke imot tilbodet, og tek til i stillinga 01. mars. 2004.
- Det vart orientert om søknaden frå Solheim om tilbygg til bensinstasjonen og merknad frå R. Brigtsen som krev at søknaden vert avvist på grunnlag av det pågåande arbeidet med reguleringsplan. Utvalet ba om at det vert avklara juridisk korleis saka kan handterast vidare. Det vart vidare bestemt at naturutvalet vil ta stilling til reguleringsplanframlegg i januar.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0054/04	03/00410 VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING
0055/04	04/00329 KLAGE- DELINGSSAK GNR 24, BNR 6.
0056/04	04/00371 BYGGJESAK BARAKKE / HYTTE GNR 30 BNR.24 NYUTLØTRÆ KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR.42/04
0057/04	04/00373 BYGGJESAK ALTAN GNR 24, BNR 36. KLAGE PÅ DELEGERT VEDTAK SAK 43/04
0058/04	04/00456 SØKNAD OM KONSESJON GNR 5, BNR 6. OVE AASEBØ

0054/04

VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til at Øyvind Røen går inn i utvalet som skal arbeida ut vegnamn i Samnanger.

Vedtak:

Øyvind Røen vert vald som naturutvalet sin representant i utvalet som skal arbeida med vegnamn i kommunen.

0055/04

KLAGE- DELINGSSAK GNR 24, BNR 6.

Handsaming i møte:

Utvalet vurderte saka på nytt i lys av andre vedtak som utvalet har gjort. Utvalet gjekk samla inn for at det skal gjevast løyve til frådeling.

Vedtak:

Klagen frå Andreas Gjerde vert imøtekomen. Det inneber at det i høve til plan- og bygningslova, §63, vert gitt løyve til å dela ein bustadtuft på om lag 1,3 daa i frå gnr/bnr 24/6 i Samnanger kommune. Det vert gitt dispensasjon frå kommuneplan i høve til krav om reguleringsplan.

Det vert i høve til jordlova, § 12, gitt løyve til å dela hus nr 2. med ei bustadtuft på om lag 1,3 daa i frå gnr/bnr 24/6 i Samnanger kommune. Vegen skal liggja på hovudbruket, gnr/bnr 24/6.

Vedtaket er sett med vilkår om at ikkje Fylkesmannen eller Fylkeskommunen går i mot frådeling.

0056/04

**BYGGJESAK BARAKKE / HYTTE GNR 30 BNR.24 NYUTLØTRÆ
KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR.42/04**

Handsaming i møte:

Utvalet var samd i at klagen ikkje kan imøtekomast.

Vedtak:

Klagen frå Jan Juvik dagsett 01.11.04 vert ikkje imøtekomen. Saka vert oversendt fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

0057/04

**BYGGJESAK ALTAN GNR 24, BNR 36.
KLAGE PÅ DELEGERT VEDTAK SAK 43/04**

Handsaming i møte:

Utvalet vil imøtekoma klagaren, noko som inneber at det vert gitt løyve til den omsøkte altanen med dei korrigeringar som er gjort greie for i klagen dagsett 04.11.2004.

Vedtak:

Det vert gitt løyve til å byggja altan/terasse på gnr. 24, bnr. 36 i samsvar med klage dagsett 04.11.2004.

0058/04

SØKNAD OM KONSESJON GNR 5, BNR 6. OVE AASEBØ

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev konsesjon til Ove Aasebø for å kjøpe eigedomen gbnr. 5/6, med vilkår om driveplikt i 5 år. Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1, 9 og 11.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Ove Aasebø for å kjøpe eigedomen gbnr. 5/6, med vilkår om driveplikt i 5 år. Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1, 9 og 11.